Gloppen kommune

inviterer til
open tilbodskonkurranse for

Renovering av garderobeanlegget ved Breim skule

Sak 26/1489

Tilbodsfrist 10.09.2026 kl 12:00

Innhaldsliste

1. OPPDRAG ... 3
1.1 Oppdragsgjevar ... 3
1.2 Reglar og prosedyre for anskaffinga ... 3
1.3 Anskaffinga sitt formål og omfang ... 3
1.4 Kontraktsvilkår ... 3
1.5 Planlagt framdrift ... 4
1.6 Tilleggsopplysningar, oppdragsgjevar sin kontaktperson ... 4
1.7 Endringar i konkurransegrunnlaget ... 5
1.8 Informasjonsmøte /synfaring ... 5
2. KRAV TIL LEVERANDØR OG LEVERANSEN ... 5
2.1 Generelle krav ... 5
2.2 Kvalifikasjonskrav ... 6
2.3 Kontraktskrav ... 8
2.3.1 Krav til leveransen ... 8
2.4 Krav til lønns- og arbeidsvilkår ... 9
3. KRAV TIL TILBODET ... 9
3.1 Levering av tilbod ... 9
3.2 Komplett tilbod ... 9
3.3 Vedståingsfrist ... 10
3.4 Alternative/parallelle tilbod ... 10
3.5 Tilbod på delar av oppdraget ... 10
4. HANDSAMING AV TILBODA ... 10
4.1 Tilbodsopning ... 10
4.2 Avvising av leverandør ... 10
4.3 Avvising av tilbod ... 10
5. AVGJERD AV KONKURRANSEN ... 11
5.1 Avlysing av konkurransen og totalforkasting ... 11
5.2 Tildelingskriteria ... 11
5.3 Evaluering ... 11
5.4 Poengsetting ... 12
5.5 Melding om val av leverandør ... 12
5.6 Karensperiode ... 12
6. VEDLEGG ... 12

1. OPPDRAG

1.1 Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar for denne anskaffinga er Gloppen kommune. For meir informasjon, sjå www.gloppen.kommune.no

1.2 Reglar og prosedyre for anskaffinga

Anskaffinga er regulert av lov om offentlige anskaffelser - LOV-2016-06-17-73 med tilhøyrande forskrift. Anskaffinga følger del I og II i forskrifta, og prosedyre er open tilbodskonkurranse jfr. FOA § 8-3.
Oppdragsgjevar forbeheld seg retten til dialog med ein eller fleire leverandørar jfr. FOA § 9.3. Dialogen kan omfatte løysingar, materialval og pris mm.

1.3 Anskaffinga sitt formål og omfang

Gloppen kommune skal renovere og bygge om for universell utforming av eksisterande garderobar ved Breim skule. Breim skule er ein barneskule med 94 elevar i 1-7 klasse og ligg på Byrkjelo.

Garderobeanlegget består i dag av eit dobbelt garderobesett, herre og damegarderobe, med omkledingsrom, toalett og dusjar. Det vil bli etablert to ekstra HC toalett/dusj i kvar garderobe ved å ta i bruk areal som i dag er brukt til badstu og lager. Inngangspartiet vil bli tilpassa slik at det er god tilkomst med rullestol frå parkeringsplass via inngangsparti til garderobar, med nødvendige snu-sirklar, dørbreidder og dørstyringar.

Garderobane er frå tidleg på 80 talet. Det har vore gjort nokre mindre oppgraderingar, men i det store så framstår garderobane slik dei var bygde. (jmf tilstandsrapport) Garderobane er ikkje universelt utforma, slik at menneske med ulike funksjonsnedsettingar kan nytte dei.

Estimert kostnad er om lag kr 2.400.000 eks mva.

Arbeidet skal utførast våren 2027.

Fakturering etter avtala skal skje som EHF faktura.

1.4 Kontraktsvilkår

Byggherren vil inngå kontrakt med totalentreprenøren i hht NS 8407:2011, Alminnelige kontrakts bestemmelser for totalentrepriser.

1.5 Planlagt framdrift

Det vert lagt opp til følgande tidsrammer for gjennomføring av konkurransen fram til kontrakt vert inngått. Med unntak av tilbodsfrist og ferdigstillingsdato, kan datoar nedafor verte endra.

Kva	Tidspunkt
Utlysing av konkurransegrunnlag	06.08.2026
Anbodssynfaring	17.08.2026 klokka 10:00
Spørsmålsfrist	07.09.2026 klokka 12:00
Tilbodsfrist	**10.09.2026 klokka 12:00**
Tilbodsåpning	10.09.2026 klokka 12:01
Oppdragsgjevar gjev skriftleg melding om tildeling	Veke 40
Karenstid for inngåing av kontrakt	10 dagar etter tildeling
Kontrakt vert inngått	Snarast etter utløp av karenstid
Oppstartsdato kontrakt	Etter nyttår 2027
Ferdigstilling av kontraktsabeidet	01.07.2027

1.6 Tilleggsopplysningar, oppdragsgjevar sin kontaktperson

Eventuelle spørsmål skal rettast til oppdragsgjevar gjennom spørsmål og svar funksjonen i EU-supply. Svar vert sendt (anonymisert) til alle som har registrert seg som mottakar gjennom EU-supply. Oppdragsgjevar sin kontaktperson for denne anskaffinga er Odd Arne Kolseth, prosjektleiar.

Om de finn feil eller uklarheiter i konkurransegrunnlaget, gjer vel å melde desse til kontaktperson i god tid før tilbodsfristen sitt utløp. Ein skal også til dette nytte spørsmål og svar funksjonen i EU-supply.

Er de ikkje brukar hjå EU-supply, eller har spørsmål knytt til funksjonar i verktøyet, for eksempel korleis du skal stille spørsmål, ta kontakt med EU-supply brukarstøtte på tlf +47 23 96 00 10, eller på e-post kgv@eu-supply.com

1.7 Endringar i konkurransegrunnlaget

Oppdragsgjevar har rett til å gjere rettingar, tillegg og/eller endringar av konkurransegrunnlaget som ikkje er av vesentleg karakter, heilt fram til fristen for levering av tilbod går ut. Melding om dette vert sendt til alle som har registrert seg som deltakar i konkurransen, gjennom EU-supply.

1.8 Informasjonsmøte /synfaring

Det vert anbodssynfaring **måndag 17.08.2026 klokka 10:00**. Oppmøte ved hovudinngangen på Breim skule.

2. KRAV TIL LEVERANDØR OG LEVERANSEN

2.1 Generelle krav

Generelle krav skal godkjennast av tilbydar, og krava gjeld gjennom heile kontraktsperioden. Dei generelle krava er ikkje kvalifikasjonskrav, og er heller ikkje gjenstand for evaluering. Det vil seie at tilbydar som ikkje godkjenner dei generelle krava ikkje **må** avvisast, men oppdragsgjevar **kan** avvise tilbodet om dei generelle krava ikkje er godkjent av tilbydar.

Krav nr	Skildring av krav	Dokumentasjon	Tilbydar sitt svar	Signatur for at krava er lest, forståtte og godkjent
2.1.1	Tilstrekkeleg kapasitet til å kunne gjennomføre oppdragsmengda innan den oppsatte tidsfristen i kap 1.5	Signatur i denne tabellen		
2.1.2	I heile byggeperioden vert der full skuledrift. Elevane vil i denne perioden ha undervisning i skulekjøkkenet, klasserom og gymsal som ligg rett ved garderobeanlegget. Dette må leggast til rette for, og tilbydar må ta omsyn til dette på ein trygg og sikker måte	Forklare korleis tryggleiken og framkomsten til skulekjøkken, klasserom og gymsal skal ivaretakast i byggeperioden		
2.1.3	Leverandør skal holde byggeplassen ryddig i byggeperioden. Leverandør har også ansvar for sluttopprydding etter ferdigstilling, både utvendig og innvendig	Forklare leverandøren sine rutinar		
2.1.5	Byggeplassen skal vere godt avsperra og med skilt/lys for å hindre at	Forklare leverandøren sine rutinar		

	uvedkomande er inne i anleggsområde. Dette gjeld både utvendig og innvendig			

2.2 Kvalifikasjonskrav

Kvalifikasjonskrava er obligatoriske og ufråvikelege, gjeld frå tilbodsdato og gjennom heile kontraktsperioden. Tilbydarar som ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava skal avvisast frå konkurransen, og ikkje evaluerast. Kvalifikasjonskrava er ikkje gjenstand for evaluering. Tilbydar skal kvittere i tabellen at kravet er lest, forstått og godkjent, og evt andre merknader til kravet, samt at dokumentasjon er lagt ved tilbodet.

Spesielt om miljø, punkt 2.2.6 i tabellen under:

FOR -2026-04-14-617 § 7-9. Klima- og miljøhensyn

(1) Oppdragsgiver skal ta hensyn til klima og miljø i alle anskaffelser for å redusere anskaffelsens samlede klimaavtrykk og miljøbelastning.

(2) I kunngjøringspliktige anskaffelser skal oppdragsgiver som vekter tildelingskriteriene, vekte klima- og miljøhensyn med minimum tretti prosent. Hvis oppdragsgiver angir tildelingskriteriene i prioritertrekkefølge, skal klima- og miljøhensyn være blant de tre høyest prioriterte. ***Tildelingskriterier etter første og andre punktum kan erstattes eller kombineres med klima- og miljøkrav i kravspesifikasjonen dersom dette gir en bedre klima- eller miljøeffekt.***
Dette skal begrunnes i anskaffelsesdokumentene.

Oppdragsgjevar vurderer at det er mest hensiktsmessig for å sikre eit redusert klimaavtrykk, og ei redusert miljøbelastning, å ha miljøkrava som kvalifikasjonskriterier, framfor å vekte klima- og miljøomsyn minimum tretti prosent.

- Det vert kravd at leverandør har minst ein el-bil i bedrifta
- Det vert kravd at avfall skal handterast og sorterast på ein miljøvennleg måte
- Det skal nyttast miljøvennlege produkt

Grunngjeving for dette:
Oppdragsgjevar vurderer at ved å erstatte klima- og miljøomsyn i tildelingskriteria med klima- og miljøkrav i kravspesifikasjonen, kan ein i større grad sikre ei betre klima- og miljøeffekt. Dette fordi ein på den måten sikrar at tilbydarar som ikkje oppfyller klima- og miljøkrava ikkje vert vurdert, og dermed unngår at ein tilbydar med lavare klima- og miljøpoeng vinn på pris sidan pris vektast høgare. Etter oppdragsgjevar sitt skjønn gir dette ein betre klima- og miljøgevinst sidan det sikrar at den vinnande tilbydaren oppfyller alle klima- og miljøkrav, og pliktar å oppfylle dei gjennom kontraktsperioden.

Krav nr	Skildring av krav	Dokumentasjon	Tilbydar sitt svar	Signatur for at krava er lest, forstått og godkjent
2.2.1	Tilbydar skal ikkje være skuldig skatt eller mva.	Skatteattest for meirverdiavgift og skatt. Attesten skal være oppdatert og ikkje eldre enn 6 månader rekna frå tilbodsfrist. Slik attest hentar du ut på www.altinn.no		
2.2.2	Tilbydar skal ha eit lovleg etablert føretak.	Norske selskap: Firmaattest Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.		
2.2.3	Leverandøren skal ha økonomisk evne til å gjennomføre oppdraget. Minimumskrav er at leverandøren er kredittverdig. Med kredittverdig meinast: Score på tilfredsstillande eller betre på minst to av kriteria soliditet, likviditet og lønnsomhet.	Oppdragsgjevar vil evaluere på bakgrunn av rekneskapstal og nøkkeltal registrert i Proff Forvalt. For leverandørar som ikkje oppfyller krava ovanfor kan ein levere annan dokumentasjon som syner at tilbydar er kredittverdig.		
2.2.4	Leverandøren skal ha erfaring med liknande leveransar. Med liknande meinast renovering og etablering av våtrom.	Det skal leggast ved referanse for minst eitt liknande oppdrag der ein gjev opp kunde, kontaktpersonen sitt namn og telefonnummer, omfang av avtale. Referanse kan bli kontakta.		
2.2.5	Leverandør skal ha gode rutinar for kvalitetsstyring og HMS.	Beskriving av firmaets rutinar, med vekt på kvalitetssikring, ressursstyring, leders ansvar og HMS.		

2.2.6	Det vert stilt følgande miljøkrav: - El-bil i bedrifta: Det vert kravd at leverandøren har minst ein el-bil i bedrifta - Avfallshandtering: Det vert kravd at alt avfall skal handterast og sorterast på miljøvennleg måte. All emballasje skal være resirkulerbar eller gjenbrukbar. Avfallet skal leverast på godkjent miljøstasjon. - Bruke miljøvennlege produkt	- Dokumentasjon på el-bil i bedrifta. - Rutinebeskriving av avfallshandtering - Bekrefte at tilbydar vil nytte miljøvenlege produkt, og dokumentere dette før oppstart.		

2.3 Kontraktskrav

2.3.1 Krav til leveransen

Krav nr	Skildring av krav	Dokumentasjon	Tilbydar sitt svar	Signatur for at krava er lest, forstått og godkjent
2.3.1	Alle varer skal vere typegodkjent	Kvalitetsmerka våtromsprodukt		
2.3.2	FDV dokumentasjon	Før sluttfaktura vert sendt, skal tilbydar levere: - Komplett FDV-dokumentasjon med oppdatert teikningsgrunnlag for VVS-anlegg. - Nye oppdaterte brann- og orienteringsplanar - Oppdatert branntavle		

2.4 Krav til lønns- og arbeidsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjoner i samsvar med siste utgåve av forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112, og siste utgåve av forskrift om informasjons- og påsjåplikt og innsynsrett av 22. februar 2008 nr. 166.

3. KRAV TIL TILBODET

3.1 Levering av tilbod

Tilbodet skal leverast elektronisk via EU-supply sitt konkurranseverktøy innan tilbodsfristen. Systemet tillèt ikkje å sende inn tilbod elektronisk via EU-supply etter tilbodsfristen sitt utløp. Er du ikkje brukar hjå EU-supply, eller har du spørsmål knytt til funksjonar i verktøyet. For eksempel korleis du skal gje tilbod, ta kontakt med EU-supply brukarstøtte på tlf +47 23 96 00 10, eller e-post kgv@eu-supply.com

3.2 Komplett tilbod

Komplett tilbod skal innehalde:

1 – Tilbodsbrev og tilbydars atterhald – Signert tilbodsbrev på norsk i pdf. Eventuelle atterhald må vere klart og eintydig formulert i tilbodsbrevet.

2 – Svar på generelle krav under punkt 2.1 - Tilbydar skal kvittere i tabellen at kravet er lest, forstått og godkjent. Krava skal svarast ut i tabellen eller på eige vedlegg. Vis til kravnummer på evt. vedlegg (dokumentasjon).

3 – Svar på kvalifikasjonskrava under punkt 2.2 - Tilbydar skal kvittere i tabellen at kravet er lest, forstått og godkjent, og evt andre merknader til kravet, samt at dokumentasjon er lagt ved tilbodet. Vis til kravnummer på evt. vedlegg (dokumentasjon).

4 – Svar på kontraktskrava under punkt 2.3 - Tilbydar skal kvittere i tabellen at kravet er lest, forstått og godkjent, og evt andre merknader til kravet, samt at dokumentasjon er lagt ved tilbodet. Vis til kravnummer på evt. vedlegg (dokumentasjon).

5 – Tildelingskriteria under punkt 5.2 - Tilbydar skal kvittere i tabellen at kravet er lest, forstått og godkjent, og evt andre merknader til kravet.

6 – Utfylt prisskjema – prisskjema skal fyllast ut i kap. 2 i prisgrunnlaget (vedlegg 1)

7 – Sladda tilbod - Dokument i denne anskaffinga vil verte handtert i tråd med reglane som framkjem i Offentleglova med tilhøyrande forskrift. Etter at kontrakt er tildelt, er tilboda

offentlege. Oppdragsgjevar skal likevel ikkje offentleggjere til dømes forretningsløyndomar, delpriser mv. Berekna totalpris i tilboda vil alltid være offentleg.
Dersom tilbydar ønskjer noko unnateke offentleg innsyn, må ein legge ved komplett tilbod i sladda versjon.

8 – Tilbydar skal levere tilbodet og andre vedlegg i PDF-format

3.3 Vedståingsfrist

Leverandøren er bunden av tilbodet i 90 dagar frå innleveringsfristen.

3.4 Alternative/parallelle tilbod

Det er ikkje høve til å gje alternative- eller parallelle tilbod i denne konkurransen.

3.5 Tilbod på delar av oppdraget

Det er ikkje høve til å gje tilbod på delar av oppdraget.

4. HANDSAMING AV TILBODA

4.1 Tilbodsopning

Tilbodsopninga vert utført elektronisk av representantar for oppdragsgjevar. Det blir ikkje gjennomført offentleg tilbodsopning. Leverandør har ikkje høve til å være til stades ved opninga. Det vert ikkje sendt ut opningsprotokoll.

4.2 Avvising av leverandør

Oppdragsgjevaren har plikt til å avvise leverandørar som ikkje oppfyller dei fastsette og kunngjorde kvalifikasjonskrava. Oppdragsgjevaren kan avvise leverandørar som ikkje har sendt inn anna etterspurt dokumentasjon og som ikkje har godtatt dei generelle krava.

4.3 Avvising av tilbod

Oppdragsgjevaren pliktar å avvise tilbodet når det på grunn av atterhald eller feil, uklarheit eller liknande som kan skape tvil om korleis tilbodet skal vurderast i høve dei andre tilboda. Oppdragsgjevaren kan avvise tilbodet når det ikkje inneheld alle dei opplysningar, oppgåver, prøver mm. som er kravd, ikkje gjev opp prisen slik som føresett i konkurransegrunnlaget, verkar unormalt lavt prisa i høve produktet/tenesta det er gjeve tilbod på, eller ikkje er signert.

5. AVGJERD AV KONKURRANSEN

5.1 Avlysing av konkurransen og totalforkasting

Oppdragsgivar kan ved sakleg grunn og manglande finansiering avlyse konkurransen.

5.2 Tildelingskriteria

Pris - vektast 75%

Oppgåveforståing – vektast 25%

Tildelingskriterier	Relativ vekt	Dokumentasjonskrav	Tilbydar sitt svar, og at krava er lest, forstått og godkjent
Pris	75%	Tilbodsbrev Utfylt prisskjema	
Oppgåveforståing	25%	Utfyllande beskrivelse korleis dette prosjektet er tenkt gjennomført, både sjølve renoveringa og omsyn til skuledrifta	

5.3 Evaluering

Pris
I evalueringa av pris vil lavast tilbodspris få karakter 10, og to gonger lavast tilbodspris vil få karakter null. Øvrige tilbodsprisar vil bli skalert lineært. Tilbodspris
høgare enn to gonger lavast tilbodspris vil få negativ karakter.
Opsjonsprisen vert med i evalueringa.

Oppgåveforståing
Evaluering av oppgåveforståing skjer etter skjønn. Det vil bli gitt karakter på en skala fra 0 til 10, der beste løysing får karakter 10. Øvrige gis karakter etter oppdragsgjevars skjønn. Vurderinga baserast på tilbydars skriftlege dokumentasjon i tilbodet.

Vurdering av oppgåveforståing, bl.a. gjennomføring av renoveringa, materialval, trygg adkomst og ferdsel for elevar og tilsette og tiltak for fuktkontroll.

5.4 Poengsetting

Poengsum for kvart kriterium framkjem ved å multiplisere karakteren med relativ vekt. Summen av poeng for kvart kriterium gir totalsum. Høgaste totalsum er vinnar av konkurransen.

5.5 Melding om val av leverandør

Oppdragsgivars slutning om tildeling av kontrakt blir varsla skriftleg til alle deltakarane i rimeleg tid før kontrakt blir inngått, også til dei som har fått tilbodet sitt avvist. Med «kontrakt er inngått» er meint det tidspunkt då begge partar underteikna kontrakten. Meldinga inneheld ein begrunnelse for valet og opplysningar om karensperioden.

5.6 Karensperiode

Før kontrakt vert inngått, vil der være en karensperiode på 10 dager.

6. VEDLEGG

Med dette konkurransegrunnlaget er det følgjande vedlegg:

Vedlegg 1 – Prisgrunnlag – Renovering av garderobeanlegget ved Breim skule

Vedlegg 2 – Romskjema

Vedlegg 3 – Bygningsmessige arbeider

Vedlegg 4 – Rør og Sanitær

Vedlegg 5 – Ventilasjon

Vedlegg 6 – Elektro

Vedlegg 7 – Malararbeider

Vedlegg A – Planteikning underetg. Breim skule

Vedlegg B – Teikning av garderobeanlegget med ROM NR

Vedlegg C – Teikning av garderobeanlegget med ENDRINGSFORSLAG

Vedlegg D – Tilstandsrapport (Verdsett AS)

Vedlegg E – Føreskrift om lønns- og arbeidsvilkår